



Innovasjon Norge Rogaland  
Postboks 8034  
4068 Stavanger

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Strategisk bruk av dei bedriftsretta landbruksmidlane i 2016

Fylkesmannen i Rogaland har på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet, ansvaret for å formidle den strategiske bruken av dei bedriftsretta landbruksmidlane til Innovasjon Norge Rogaland. Til vanleg skjer dette i februar/mars det aktuelle budsjettåret, men grunna ein ekstraordinær situasjon i 2015, blir hovudføringane for 2016 formidla no. Føringsane er godt forankra i regionalplan for landbruk i Rogaland og i den regionale landbrukspartnarskapen.

Ramma for bedriftsretta tilskot i 2015 var på 38,9 mill kroner og blei i realiteten oppbrukt alt i juni. Dette, sett i lys av det store investeringsbehovet hjå bøndene i Rogaland, fører til at bruken av investeringsmidlane må prioriterast strengt. Partnarskapen har lagt til grunn at midlane skal brukast slik at måloppnåinga blir størst. Det overordna målet i landbrukspolitikken i Rogaland er å stryke og auke produksjonen av mat. Desse er dei viktigaste måla som investeringsmidlane skal vere med å oppfylle;

- Eit variert og aktivt landbruk i heile fylket
- Landbruket i Rogaland skal halde oppe husdyrproduksjonen i sentrale område og styrke husdyrproduksjonen i distrikta
- Mjølkeproduksjonen i distrikta blir vidareført med minst same volum som for år 2010
- Beitebruken av både småfe og storfe skal auke, målt som beitande dyr og produsert mengde kjøtt

2016 blir eit år der det skal satsast spesielt på storfeproduksjon – først og fremst på nye kufjøs, men også på ammekufjøs. Då vi over mange år også har prioritert sauenæringa, og situasjonen for saue- og lammekjøtt er rundt marknadsbalanse og ein viss fare for overproduksjon, skal sauehus ikkje ha prioritet i 2016. Vidare skal arbeidet med å betre vasskvaliteten intensiverast gjennom tilskot til nye gjødsellager på gardsbruk i nedslagsfelta til prioriterte vassdrag.

Hovudføringane for 2016;

1. Distrikta skal prioriterast og 70 % av midlane skal nyttast utanom dei sentrale områda på Jæren. Område som ikkje definerast under *sentrale områda* er det vi kallar høg-Jæren og indre deler av Gjesdal kommune. Innovasjon Norge Rogaland skal i behandlinga av søknadar ta utgangspunkt i kor driftssenteret ligg.

2. Nye kufjøsprosjekt i distrikta skal ha sær høg prioritet og Innovasjon Norge Rogaland skal praktisere høg utmåling av tilskot til desse prosjekta, gitt at også andre føresetnader er oppfylte. I slike prosjekt er det også viktig at prosjekta er godt tilpassa garden sitt tilgjengeleg ressursgrunnlag.
3. På dei sentrale områda på Jæren skal nye kufjøs ha prioritet, under føresetnad av at den årlege produksjonskapasiteten ikkje er høgare enn 350 000 liter.
4. Nye ammekufjøs utanom dei sentrale områda på Jæren, skal ha prioritet.
5. Nye fjøs skal plasserast slik at det ligg godt til rette for aktiv beitebruk.
6. Ordninga med inntil kr 150 000 i ekstra tilskot ved investering i ny driftsbygning av massivtrekonstruksjon, blir ført vidare.
7. Kriterieordninga for miljøtiltak (gjødsellager) blir ført vidare. I tillegg skal det innførast ei tilskotsordning til satellitt-lager. Eit av vilkåra for ordningane er 12 månadar lagringskapasitet. Målet for begge ordningane er å oppnå betre vasskvalitet. Kva område som skal ha prioritet på tilskot til satellitt-lager, blir avklart innan november 2015. Her er koplinga mot Regionalt tiltaksprogram for Vannregion Rogaland 2016–2021 og Handlingsprogram 2016-2018 viktig. Det skal leggest opp til ei enkel saksbehandling for ordningane samla, med eit mindre dokumentasjonskrav enn tidlegare. Utmålinga av tilskot kan vere inntil 30 % av kostnadsgrunnlag med eit maks tilskotstak på kr 150 000. Innovasjon Norge Rogaland kan i 2016 totalt bruke inntil 2 mill kroner på desse to miljøtiltaka. Det blir innført søknadsfrist 1.mai for denne ordninga.
8. Det skal stillast krav til minimum 10 månadar lagerkapasitet for gjødsel til alle fjøs det gis tilskot til.
9. Kriterieordninga for etablering og vidareutvikling av frukthagar blir ført vidare, men utmålinga bør reduserast noko.
10. Kriterieordninga for nye juletreprodusentar går ut for 2016.
11. Sauenæringa har ikkje prioritet i 2016.
12. Kraftfôrbaserte produksjonar (fjørfe og gris) og pelsdyrnæringa har ikkje prioritet.
13. Det blir innført søknadsfrist 1.mars for landbruksbedriftene på dei sentrale områda på Jæren. For andre deler av fylket er det ikkje søknadsfrist.

Overordna føringar for dei prosjekta Innovasjon Norge Rogaland skal gi tilskot til, er at tilskota har klar effekt for lønsemda i prosjekta og at søkjar har tilstrekkeleg kompetanse og profesjonalitet.

Vi tek atterhald om at dei strategiske føringane kan bli noko endra i det endelege oppdragsbrevet for 2016, ut frå føringar frå overordna myndigheiter. Vidare presiserer vi at føringane i dette brevet berre gjeld for 2016. For seinare år blir m.a. evalueringa av 2016 viktig.

Med helsing

Hadle Nevøy  
landbruksdirektør

Geir Skadberg  
ass. landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Geir Skadberg  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 92  
E-post: fmrogsk@fylkesmannen.no

Kopi til:

Landbruks- og matdepartementet

Rogaland Bondelag

Rogaland fylkeskommune

Rogaland Skognæringsforum

Rogaland Bonde- og Småbrukarlag

|                   |      |           |
|-------------------|------|-----------|
| Postboks 8007 Dep | 0030 | Oslo      |
| Postboks 278      | 4002 | Stavanger |
| Postboks 130      | 4001 | Stavanger |